

Rosnes, 08.02.2016.

Til Lindås Kommune
v/Øyvind Stang
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

Søknad om økonomisk støtte til Samfunnshuset Haugatun

Samfunnshuset Haugatun er i bruk kvar veke der 80 -90 ungdomar frå Lindås Ungdomslag har øving 3 kveldar i veka med diverse aldersgrupper, Hæla i Taket med 60-70 personer nytta huset jevnlig i tillegg til at huset er utleigtil diverse arrangement.

Våren 2015 vart huset ferdig med montering av nytt kjøkken. Det vart då også installert ein konveksjon-ovn. Når denne ovnen og oppvaskmaskina var i drift samstundes vart det for liten kapasitet på straumforsyninga frå BKK. I samband med ny trafostasjon til Lyngfjelltunnelen vart det bestilt nyt EL-kabel via grøft. Bekrefta pris på anleggskostnad til kabel frå BKK og installasjon av Helland Elektro vart sett til Kr. 105.000.- I veke 48 var det synfaring kvar grøft skulle gravast. Dette vart gjort på dugnad med lånt maskin fram til frosten stoppa oss. Det vart så leigd maskin til ferdigstilling av grøft for å vera klar når BKK kom med kabel. Medan me hadde maskin på dugnad vart det også gravd grøft ved grunnmur for betre drenering då me sleit med fukt i grunnmuren. I denne grøfta vart det lagt ny vannledning grunna frostproblem med den gamle. I tillegg vart kloakk frå scene lagt i nye røyr, me hadde problem med at dei gamle betongrøra gjekk tett.

8-10 meter betonggolv måtte opnast for å få på plass ny EL-kabel. Ved oppstart av arbeid med montering av ny EL-kabel i EL-tavle i kjellar fekk elektrikar kraftig støt. Dette synte seg å vera frå kursar med diverse jordfeil. Då me driv utleige av huset vart me pålagt å oppgrader LE-tavlene i sikringsskapa. Når dette arbeidet var utført slo den nye jordfeilbrytaren av straumen til huset rett som det var. Dermed fekk me pålegg om også å reparera resten av EL-anlegget i huset. Ein del kablar vart bytta ut, nokre kursar vart bygd om og i dag set me att med eit nytt godkjent EL-anlegg. Begge varmt-vatn beredarane vart bytta ut grunna jordfeil.

Pålegg med utbedring av EL-tavler, retting av jordingsfeil og bytte av septiktank gav huset ei ekstra utgift på Kr.146.600.-

Alt arbeid med legging av sand i kabelgrøft og singel v/grunnmur, legging av tekkerøyr, vannrør, kloakkrør og nytt toalett er gjort på dugnad.

Det same vart gjort med grøft i golv innvendig. Firma vart leigtinn for legging av nytt golvbelegg etter at betongarbeidet var ferdig.

Huset vart på våren 2016 gjort merksam på at der var mistanke om lekkasje på kloakken. Der hadde me god dialog med Anne Lise Molvik frå kommunen og fekk utsett pålegg om utbedring til ferietida då huset ikkje vert nytta om sommaren. Ny kloakkum vart skifta på dugnad i august og var klar før skulestart.

All grus og singel til grøftane er transportert til huset på dugnad, der er betalt for to lass singel. Brukt asfalt plassert ved huset er lagt og tromla på dugnad, me har betalt for transport av trommel.

Oversikt over dugnadsinnsats:

Maskiner:

Kvistfjerning etter skoghogst	9 timar
Oppgraving av grøft:	15 timar
Sandfylling og lukking av grøfter:	25 timar
Legging av ny gangveg oppe på grøft med overskotmassar frå kabelgrøft mot Lyngfjelltunellen	7 timar
Fylling/pågraving v/grunnmur:	5 timar
Fjerna defekt septiktank og montera ny, rydding/planering:	7 timar
Planera tilkjørt brukt oljegrus	14 timar
Tromla brukt oljegrus:	5 timar
Transport av 4 lass singel:	<u>8 timar</u>
Totalt:	95 timar

Peronar:

Desember:

Det vart arbeid 2-3 kveldar i veka med 4-5 personar og 2 laurdagar med rydding og grøftegraving inne og ute.

Dette utgjorde til saman 125 timar.

Vinteren og våren 2016 vart det fortsett på same måten fram mot 17. mai, 347 timar.

Totalt: 472 timar.

Utgifter i samband med grøftene:

Isolasjonsmatter	Kr. 610.-
Singel	Kr. 4.800.-
Rør	Kr. 6.850.-
Grunnmurplast	Kr. 2.110.-
Grøftegraving	<u>Kr. 6.250.-</u>
Totalt	Kr. 22.620.-

Samfunnshuset Haugatun har ikkje økonomi til å løysa inn dei økonomiske fordringane dei ymse pålegga har påført huset. Samfunnshuset Haugatun ser seg nødd til og be Lindås Kommune om økonomisk stønad for å kunna betala dette.

Om ikkje rekningane vert betalt til rett tid kan i verste fall Haugatun verta stengt og mange born og unge vil då mista sitt tilbod. Det me søker om er Kr. 146.600.-

Vyrdsamt

For Samfunnshuset Haugatun

Ottar Rosnes